




Sunnfjord  
kommune

# Nærleiken barnehage

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	22	23	25
Barn over tre år	40	40	36
Godkjent leike- og oppholdsareal kvm	608	608	608
Arealutnytting kvm	312	318	310,5
Kapasitet arealplassar	135,1	135,1	135,1
Arealplassar i bruk	69,3	70,7	69,3
Ledige arealplassar	65,8	64,4	65,8

## Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	0,6	1,0
Pedagogisk leiar	6,0	6,8
Barnehagelærar	1,0	1,6
Fagarbeidar	3,4	5,7
Assistent	5,0	1,0
Lærling	1,0	1,0
Snittalder		37,6

## Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	6	5,1	5,8	5,2

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	14,5	12,8	11,7	14,0

## Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	12 576 631	12 484 301	11 730 359	13 132 610
Budsjett	11 147 147	12 236 070	12 118 364	13 112 890
Kostnad per heiltidsplass	156 426	150 777	149 813	213 538

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Førde barneskule
Tilknyting til andre tenestetilbod	Barnehagen har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Bustad og næring	

## Bygningsmasse

Byggear	2014, kommunal frå 2019.
Areal	865 kvm
Godkjent leike- og oppholdsareal	608 kvm
Uteområde	4 180 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	2 km
Avstand til Prestebakken barnehage	3,5 km
Avstand til Ytre Hafstad barnehage	2,4 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Fleire tilsette som har tatt fagbrev. Pr no er det 8 tilsette med fagbrev i barnehagen, og 7 tilsette er utdanna barnehagelærarar
- Barnehagen jobbar med aldersgrupper på tvers av avdelingane
- Har fleire rom, inne og ute. Dette gjer til at ein kan dele i mindre grupper
- Barnehagen har eigen minibuss som gjer til at ein kan reise til stader der ein elles ikkje hadde hatt tilgang til

#### Forbetningsområder

- Auke grunnbemannninga
- Oppmode tilsette om å ta vidareutdanning eller ta fagbrev

### Organisasjonsmessige forhold

#### Dette er vi tilfreds med

- Vi er organisert med småbarnsavdeling og storbarnsavdeling, og syns det fungerer godt
- Barnehagen er relativt ny

- Tilgang til felles grupperom der ein kan halde på med ulike aktivitetar

### **Forbetringsområder**

- Treng å dele opp dei største avdelingane, få eigne rom i romma
- Få administrasjon og kontor for pedagogane inn i barnehagen sine lokale. Det same gjeld møterom

### **Barnehagen i lokalsamfunnet**

#### **Dette er vi tilfreds med**

- Barnehagen er omkransa av eit nybygd bustadområde
- Det er mykje aktivitet i Hafstadparken heile døgnet
- Barnehagen ligg nær ”Norsksenteret”, og har familiær som går på introduksjonskurs. Avstanden gjer det lettare for familiær å levere og hente i barnehagen utan å vere avhengig av bil.
- Barnehagen ligg sentralt og har lett tilkomst

### **Forbetringsområder**

- 

### **Andre innspel**

- Avslutte overflødige avdelingar, og fylle opp aktive avdelingar

### **Prosjektgruppa si oppsummering**

#### **No- situasjonen**

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Nærleiken barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er noko overfulligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei etablert i 2014 og har ikkje hatt større oppgraderingar sidan etableringa. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn har ikkje barnehagen gode fasilitetar for tilsette. Barnehagen har i fleire år leigd lokale hos FIL for å har kontorplassar til både leiarnivået, pedagogar og andre tilsette. Barnehagen må også leige møterom hos FIL, og det er mindre gode fasilitetar for garderobe til tilsette. Areal knytt til barn har heller ikkje optimale fasilitetar, mellom anna grupperom, fingarderobe og bad

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

med stellemogelegeheiter. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

## Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppdeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkerar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

### Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, eller er villige til å bruke tid på å bringe/hente dersom barnehagen ligg langt frå heim eller arbeidsplass.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).